



ÅRSHEFTE 2004

ÅRSHEFTE FOR OLAV SLETTO-SELSKAPET

Olav Sletto – selskapet gav i 2002 ut si fyrste årbok. Ei slik bokutgjeving er eit tungt lyft for eit selskap med så avgrensa økonomiske midlar som det me rår over. Difor vart det og sagt at ei fyldig årbok med stive permar kunne ein ikkje venta seg kvart år.

Styret har likevel vorte samd om å gi ut eit årshäfte til medlemene i 2004. Ein slik enkel trykksak meiner me å kunne finna økonomisk dekning for.

I siste medlemsbrevet var det ei oppmoding til medlemene om å koma med bidrag til eit slikt årshäfte. Responsen på dette har ikkje vore stor, men me meiner likevel å ha stoff nok til å forsvara utgjevinga av årshäftet 2004. Oppmodinga om medlemsbidrag står framleis ved lag!

Det er likevel stoff nok til mange årshäfte i dei etterlatne papira til Olav Sletto. Hol bygdearkiv sit her på ein skatt som me i Olav Sletto – selskapet ynskjer å gjera kjent for fleire. I dette nummeret av årshäftet har me sett nærare på den lange og til dels vanskelege kampen for at Olav Sletto skulle få den kunstnarløna han så opplagt fortente.

I seinare utgåver vil me ta for oss andre sider ved forfattaren og mellom anna sjå noko på dei upubliserte manuskript og notat som Hol bygdearkiv fekk etter Sletto.

Årshäftet er i fyrste rekkje meint for medlemene i selskapet og blir såleis ein ganske "eksklusiv" publikasjon. Me hadde gjerne sett at medlems-talet hadde vore større og oppmodar difor alle medlemmer om å gjera ein aktiv innsats som medlemsvervarar. Medlemspengane er 100 kroner året som kan innbetalast til Olav Sletto – selskapet, Høgehaugvegen 11, 3576 Hol på bankkonto 2333.22.62998.

Styret.

Olav Sletto må ikkje bli gløymd!

Det var eit ord i rett tid han Fjellkall kom med her i Hallingdølen no nyss. Olav Sletto og bøkene hans må ikkje bli gløymde, og hallingane bør gjera sitt til at so ikkje skjer.

Olav Sletto hadde ein rik og allsidig diktargjevnad, det er ikkje tvil om det. Han skreiv om svært ulike emne, til og med emne som ein skulle tru ingen kunne få noko ut av. Men kva han so tok fyre seg, reiv han lesaren med.

Eg kan minnast kor det greip meg då eg fyrste gong fekk lest ei av Loke-bøkene. Eg var berre ein smågut den gongen, og ingen skulle tru at eit emne frå norrøn mytologi ville vekke forvitne hjå ein på min alder. Men boka greip meg slik at eg bad om å få låne henne med meg på stølen – eg skulle hjelpe han far med noko arbeid der ein tvo-tre dagar. Det var for lenge å vente til eg kom heim att, tykte eg. Det var nemleg farsyster mi som åtte boka.

Kva var det som tok ein slik om hjarta? Ikkje den ytre hendingsgangen, kan hende. Heller den formfagre stilen, og so ideen og tankane som stilen gjorde so levande. Olav Sletto lyfte hallingmålet upp til eit vent og fulltonande bokmål (orsak uttrykket, det var ikkje "bokmålet" eg meinte). Her er det mykje å hente for dei som vil finne fram til ei rik og vakker målføring tufta på heimemålet vårt. Av den grunn var det om å gjera at bøkene hans, som no visstnok er utselde dei aller fleste, kunne koma ut att på nytt, so ungdomen som no veks opp fekk eit godt stilmønster å sjå upp til. Her blir det kritikklaust ofra store summar av skattepengane våre på mykje verdilaust rask som kjem ut i dag og er gløymt i morgon. Var det ikkje likare å yte tilskot til nye utgåver av klassisk litteratur som er verd å lesa?

Det er vel og bra at styresmaktene yter mange og store tilskot til den materielle framvoksteren her i landet. Men var det ikkje på tide at åndslivet vart tilgodesett meir og på ein betre måte enn som no er tilfelle? Her burde bygde-Norge fremja konkrete krav.

Ola Rudvin.

(Ola Rudvin var fødd i Hemsedal og døydd i 1978, nær 80 år gamal. Han tok lærarskuleeksamen i 1921 og arbeidde som sekretær i "For fattig og rik" og som lærar ved bibelskulen. Han hadde fleire bokverk bak seg då han gjekk bort, det siste var vidareføringa av Hemsedal slektshistorie. Ola Fauske skreiv minneord om Ola Rudvin i "Dølaminne" 1979.)

Denne artikkelen sto i "Bokrampa", Oppland Arbeiderblad den 11.februar 2004 og er attgjeven her med løyve frå artikkelforfattaren og Oppland Arbeiderblad. Kirsten Vikar Lunde er medlem av Olav Sletto-selskapet.

Kirsten Vikar Lunde:

ALLTID GANGBARE TANKER **(OLAV SLETTA: DEI GAMLE – EI FORTELLING)**

Det er kanskje urettferdig overfor leserne når jeg priser en fortelling det er omtrent umulig å få tak i. Få bibliotek har Olav Slettos bøker til utlån og noe opptrykk av denne fortellingen, *Dei gamle*, kommer knapt på tale med de markedskrefter som rår i bokbransjen.

Det ligger meg allikevel på hjerte å minne om denne vakre fortellingen som hallingdølen Olav Sletto skrev som tjuetoåring. Han hadde vokst opp hos besteforeldrene i Hol i Hallingdal. Det er dem og folk og gardar i grannelaget i Vats der han arbeidet som lærer, han bruker som modeller.

Det er på friskaste vinteren litt etter jol.

Slik åpner han fortellingen.

Åtti-åringen, han Gamle-Per, har levd sitt liv i arbeid og fest og nytt ære mellom venner, spesielt hos bestevennen, Tveito-gamlingen. Nå ligger Gamle-Per i gamlestugu og får ikke sove. Tankene på livet og døden, Gud og Djevelen kommer inn over ham med full styrke. Garden er overgitt til eldstesønnen i god stand. Skapet i stua er fullt av sølvstaup og andre jordiske skatter.

Nå ligger han og vrir og kaster på seg, snur seg mot veggen og synes han hører Gud si aldri så lite spottende: *No var han redd, no. No vil han vera lur og koma seg inn med Gud. Kvifor kom du ikkje før?*

Ja, hvorfor hadde han ikke funnet tid til å ofre livet etter døden en tanke? Avisen hadde i all hans tid vært viktigere enn Bibelen som han knapt har bladd i. Urolig blir han. Tankene på hva han har utrettet her i livet nå når døden nærmer seg, gir ham ikke ro. Han trøster seg med at han vil nok leve framover enda i lange tider. *Dei ville minnast ein. Dei vilde spørja og fortelja kvarandre kva ein var for noko, kva ein hadde gjort. Og sume vilde vel ogso koma til aa bera namnet aat ein.*

Både Bergit, kona, og han Per får fred med seg sjølve, ikke minst etter besøk av Tveito-Ola, gamlevennen.

Den gang den ble publisert, denne fortellingen, i 1908 (med opptrykk i 1924), høstet den lovord fra selveste Bjørnstjerne Bjørnson og fra den fryktede kritikeren Carl Nærup.

En kan så godt forstå at Bjørnson fant seg igjen på trygge stier i Slettos fortelling.

Inne i Gamle-stugu fins ovnsvarmen og bundingen, langpipa og tobakksposen sammen med bladi (avisa) og kaffi-stunda som det nest viktigste om dagen. Det viktigste er han Vesle-Per, barnebarnet. Når han kommer innom, blir det liv i

stua. Vesle-Per leker med trehesten eller han sitter dørgende stille og hører på når bestemor forteller om slott og prinsesser, om berget det blå. Han er god til å ta opp det hun sier og brisker seg overfor bestevennen, Sigurd, som er fire år eldre, at til kirke skal han, slik bestemor har sagt, *"ein gong – naar blomen kjem paa stuguhella"*. *"Kva segjer du? Har du nokon gong set at det har vakse blomar paa stuguhella og, du!"* Vesle-Per vart baade liten og ustød. Og so denne fille laatten hans Sigurd!

Som leseren vil se har Sletto et språk som nok kan sette en på prøve, men de få ordene som kan by på problemer, har ingen betydning for forståelsen.

Skildringen av den uendelige gleden de gamle har av Vesle-Pers besøk gir leseren en så tindrende klar forståelse av slekters gang her på jorden. Da Vesle-Per sovner med trehesten og de skal prøve å få han til sengs uten å vekke han, den scenen viste nok ringreven Bjørnson at her var en dikterspire i emning. Imidlertid vendte den unge Sletto blikket mot Europa, han skrev om Tyskland, han skrev om diktergjerningen uten å vinne slik oppmerksomhet som han fikk med denne første lille fortellingen. Først da han vendte tilbake til hjembygda i barndomsskildringene sine, fikk han gode kritikker – i hovedstaden.



*Olav Sletto slik han såg ut ca. 20 år gammel.
Bildet er truleg teke i ein sommarferie medan han var heime frå lærarskolen på Notodden.*
Fot. E. T. BRAATEN, HOL BYGDEARKIV, CA 1905

Per Lilleslett er ein av dei få som kan seia at han har lese alle Olav Sletto sine bøker! I denne artikkelen tek han mellom anna for seg den særmerkte fargebruken til Olav Sletto. Per Lilleslett har vore styremedlem i Olav Sletto – selskapet frå starten i 2002.

Per Lilleslett:

Olav Sletto: Visjonar med penn og palett.

Etter oppmoding skal eg freiste å feste på papiret nokre tankar eg sit med etter å ha lese bøkene til Olav Sletto. La det vera sagt med ein gong: Det er nok å bryne seg på!

Fyrst til gåta Olav Sletto: Diktaren hevdar å ha hatt ein lykkeleg barndom i eit harmonisk miljø – og vi trur han sjølv sagt på det. Korleis kan han då makte å skildre reine drapsorgiar med slik nifs innleving som vi er vitne til t.d. i Loke – verket? Ein rusletur i fangehola under keisartidas Rom (i Ambrosius-trilogien) er heller ikkje for pyser.

Vi veit at Sletto, 11 år gamal, hadde lese gjennom heile Bibelen (som så visst ikkje er berre barnelesnad). Eg fekk ein tanke – kan dei litt fjerne, alderdommelege bibeltekstene med sin sparsame bruk av adjektiv ha gjeve barnefantasien rom og rammer for å skape seg si eiga fargerike verd med liv og action, med tindar og tårn og djupe avgrunnar, og likevel vera i jamvekt? Finn vi her ei spire til den store spennvidda som er karakteristisk for Slettos dikting?

Eg nemnde ordet fargerik. Slettos kanskje fremste biletskapande verkemiddel er *paletten*. Vi finn døme i fleng og peikar på nokre av dei:

I Per Spegil ser Per i ein draum "ei uteljande mengd av fine steinar () sume haugar hadde berre raude steinar, andre berre blåe eller lysblåe, nokre var grøne og andre att gule.() Og i ein haug for seg sjølv var kvar einaste stein i haugen drivande snøkvit." Og tek vi ein tur "søpåstølen" i Per Stavlang finn vi ei kosteleg skildring av huslyden der: "Under bordet i halvmørkret heldt seg ein småkar i blå kjol, han skuvde og skuvde på ein skammel. Turid sjølv var blåkledd, heilt blå, mørkblå stakk og blåe trøyeermar og blått plagg på hovudet. Merkeleg so mykje blått alle gjekk med her i huset. Hølgi hadde blå sokkar og blå buserull", og tvillingane:"i blåe kjolar dei med. Maken!"

I Per Spelman finn vi eit nydeleg interiør frå stugu heime hjå Per. "Framfor føtene hennar bestemor blitra ein eldsloge heilt gulraud () og blaga som ein blome inni svarte peismuren." "Storskåpet attmed hin veggen tok til å lyse upp. () Snødagane fekk dei måla rosene ein mild ljøske som kom innanfrå, rosone vart med eventyrliv, skåpspeglane vart som varme småhagar å sjå inn i." Her kan lesaren vera med å setja på fargene sjølv!

Men det er i "Skrinet skal opnast um hundre år" at Sletto sitt fargeorkester spelar opp for fullt. Hovudpersonen, Alessandro Jonsson, er på konsert i Keisarberget på Måneøya, fylgd av ingen ringare enn måneprinsessa sjølv, - ein konsert der

tonane er bytte ut med fargar. Konsertmeisteren har "lagt noko blått i toneveven som aldri har vore der før", "blått føddest av blått i bisneleg avbrigde, det var som ei glad forkynning. Det var som eg vida meg ut i vill sæle." Og vidare: "Overjordisk raudt, gyllan raudt, profetisk kvitt. () Her stig det frå lukke til lukke." Og meire blått: "eit utenkjeleg og vidunderleg blått, djupaste openberring i blått () tirande blått, sjølvlysande livslevande blått."

I dagbøkene sine seier lyrikaren Olav H Hauge om Olav Sletto at "Slik norsk har vel ingen skrive, han er ein meister". Eg har hug til å leggje til: Slik har vel ingen måla med ord før!

Etter å ha teke for meg alle bøkene til Sletto, er eg ikkje i tvil: "Skrinet skal opnast um hundre år" er den av bøkene hans som er mest Olav Sletto. Her er mystikk, ekstase, og utruleg vakre skildringar frå ei fiktiv måneverd. Her er strorslagne scenebilete, men og den dosen av grei, triviell fornuft som må til for at lesaren i det heile teke skal kunne fylgje med på ferda. Eg undrast ikkje på at det var mykje om å gjera for diktaren å få skrive denne boka.

Olav Sletto var – etter mitt syn – fyrst og fremst ein visjonær diktar. Og hans fremste hjelparar er sikker intuisjon og sterk innlevingsevne. Om vi (fritt etter Benedetto Croce) seier at intuisjon er visjon i praksis, ser vi lettare Slettos evne til å konkretisere sine visjonar, også der han nyttar levande modellar.

Dette med visjonær dikting, gjeld det og diktinga med emne frå heimbygda? Smak litt på overskrifta til opningskapitlet i Per Stavlang: "Då eg hadde gjætt i to tusen år, då....."

Stutt sagt: Det er Slettos meisterskap at han med sin sikre intuisjon og sitt ufråvikelege krav til maksimal innleving og konkretisering maktar å gjera sine visjonar levande – og dermed sanne – for oss.

Eit ynskje til slutt: Nyutgjeving av Ambrosius-trilogien i ei språkdrakt som samsvarar med den Sletto sjølv brukte i sine seinare bøker. Eg ser forresten for meg denne briljante psykologiske thrilleren som sugett for ein film der ingenting er spara og med fyrsterangs karakterskodespelarar i rollene!

Arne Skogheim:

Den lange kampen om diktarløn til Olav Sletto.

(Kjelde: Hol bygdearkiv)

Stortingsmann Thorstein Fretheim (representant for Øvre Romerike 1913-15 og 1916-18) var medlem av Kyrkjenemnda i Stortinget. Han tok i 1917 opp tanken om at Sletto burde ha diktarløn.

Det hadde til budsjettet i 1917 kome framlegg om diktargasje til Aanrud, Nils Collet Vogt og Gunnar Heiberg. Departementet gjekk med på dette, og la til desse namna på lista: Alvilde Prydz, Olav Duun og Kristofer Uppdal.

I debatten om kulturbudsjettet 29.mars 1917, held Thorstein Fretheim (som i det "sivile" var prest, res.kap. i Nes på Romerike (1908-17) eit innlegg der han nemnde Sletto som "en ung og lovende forfatter" som "synes trods sin unge alder—at ha vakt stor oppmerksomhet ikke bare i vort land, men kanskje endnu mer i utlandet, i Sverige, i Tyskland, i Danmark."

Av Stortingstidende for 1917, s.699 kan ein lesa fylgjande frå innlegget til Th. Fretheim:

"Erkebiskopen i Uppsala, Söderblom, siger bl.a. om ham, at denne forfatter, Sletto altsaa, har *"förmått välja sitt material och skapa sig en triginell uttrycksvärld. Det andre, som hos Olav Sletto särskildt väckt min interesse, är det omiskännelige, äkta allvar, som präglar hans verk, och gör hans livsgärning, om den får fullföljas, innehållsrik och löfterik. Särdeles måste man önska, att skaldens stort anlagda, djupsinninga prosadikt "Loke" måtte blifva fullbordat"*

Den anden erklæring er som sagt fra doktor i filosofi, Rudolf Muus i Kiel. Jeg skal også av den bare citere et par ting. Han siger for eksempel *"Ti Sletto hører til dem, som har noget at sige. Og det paa en maade, som sikrer ham en stadig plads blant verdens digtere. Hans kraftfulde poetiske sprog udvikles mer og mer, som Slettos senere bøger viser."*

Han siger videre, at det han særlig vil uthæve, er, at det er de store, evige emner Sletto vover at behandle, og den dype religiøs-etiske forstaaelse av nutidens problemer. Uagtet Sletto er ung, er han allerede paa vei til at bli kjendt og agtet langt utover Norges grenser.

"Flere fremragende (tyske) forfattere og teologer har uttalt sig meget rosende om Sletto; ogsaa det tyske publikum synes om hans "Tenaren"."

Med disse ord og disse citater, vil jeg faa lov at henstille til statsraaden, om han kunde finde utvei til, at denne mand paa en eller anden maate kunde komme med ved utdelingen av den bevilgning, som komiteen her har foreslaat. Jeg forutsætter naturligvis da, at den blir vedtat.

Jeg tror efter bare det, jeg har anført her, at hr.Sletto hører til de forfattere, som i første række bør komme i betragtning."

Inge Krokann kommenterer dette i eit notat sendt til Lars Reinton:

"Jeg tror at hvis komiteen hadde gått med paa departementets forslag, vilde jeg også stemt for det", seier Wefring i Stortingsdebatten 29.mars 1917. Men han kan forstå at komiteen tykkjer "det er nokså meget tat til paa en gang". Han talar slik til, at det kan tyde på at det var no komiteen gjorde framlegg om "at stille et beløp til disposition".

Det vart i alle høve ingen diktargasje til Sletto i 1917.

I 1941, den 25.oktober vart det sendt ein søknad til Kultur- og Folkeopplysningsdepartementet, underskriven av Sigurd S. Reinton (ordfører h.v.), Lars Reinton (dr.philos), Lars Øyo (ordfører), Olav Dalgard (mag.art.), M. Haga (ordfører og skulestyrar i Nes), E. Bækkestad (ordfører h.v.) Botolv Bråtalien (ordfører i Ål), Svein Nestegard (bonde og handelsmann), Ola Perstølen (bokhandlar)

I brevet tillet dei underskrivne seg å be "det vyrde Kultur- og Folkeopplysningsdepartement gje diktaren Olav Sletto fast årleg kunstnarløn. Få tykkjest fortæna det betre enn han. Han har gjeve ut burtimot 30 bøker og skrifter. Han har alltid i diktinga si prøvd å tena dei byggjande og gode krefter i menneske- og samfundslivet, men har aldri slege av på dei kunstnarlege krava. Han er streng og skir i komposisjonen og ein målmeister av rang. Få har dyrka det norske folkemålet meir medvite og vellukka enn han. Millom verka hans tillet me oss serleg å peika på Loke-trilogien med emne frå den norrøne mytologi. Eit sermerkt og eineståande verk i den norske litteraturen. Dei siste, Per-bøkene, vil truleg serleg bli ståande i norsk litteratur. Den aller siste, Per Stavlang, når kanskje høgst av alle, med sine klassiske skildringar frå bondelivet og dyreverda. "Eit sersyn i norsk bokheim, ja i all bokheim", seier Dagbladet. "En innvinning i nytt land", Morgenbladet. "En aldeles henrivende bok for både store og små. Et stort smil til norsk lynde og norsk landskap og norsk lagnad", Barbra Ring i Nationen, o.s.b. Til denne litterære produksjonen kjem at han gjennom ein mannsalder har gjort eit stort og byggjande arbeid som ungdomsuppsedar, som forfattar, talar og ungdomslærer, sist ved Romerike ungdomsskule i mange år. Dette arbeidet må han no slutta av helseomsyn og fordi skulen er teken til andre fyremål. Fær han økonomiske vilkår til det, vil han kunne gje det norske folk mange verdfulle verk enno. Desse vilkår bør staten gjeva han. Med dette torer me so sterkt me kann oppmoda Kultur- og Folkeopplysningsdepartementet til å gje han kunstnarløn på like fot med andre gode menn i norsk litteratur.

Me har samla underskrifter på denne søknaden mest frå heimedalen hans, Hallingdal, og går ut frå at det er nok, endå det ville vera ei lett sak å samla mange frå heile landet.”

Olav Sletto var glad og overraska over dette utspelet. I brev til Reinton 7.nov. 1941 skriv han:

”—Og so det siste som var lyn frå klår himmel, dette at du skriv innstilling um kunstnarløn for meg. Nokon må visst då ha grave fram att søknaden um diktargasje for meg som erkebis- kop Söderblom og prof. Collin sende Stortinget, og som vart møtt so velviljug...men som Duun-venene fekk gravlagt. Eg skjøna det må vera blanke ålvoret denne gongen. Etter at mange har fått gasje i det siste, treng ein ikkje vera bljug, ein kan ta imot.”

Eit utklypp (udatert) fra avisa ”Fritt Folk” listar opp dei som fekk Statens forfatterstipendium i 1942. På lista finn ein Olav Sletto, saman med m.a. Lars Hansen, Kaare Bjørgen, Ejler Bjerke, Torvald Tu, Emil Herje, M.B. Landstad og Einar Skjæraasen. Lars Hansen fekk 1500 kr., dei andre 1000 kr. kvar.

23.mai 1942 skriv Sletto: ”Har nett fått høgtideleg dokument at det er esla meg kunstnarløn.Og det skulde vera tolleg nær at eg sender deg ein takk som har arbeidt for saki...

Dei skumlar politikk fleire. Men eg som har lidi for diktingi mi i over ein mannsalder, eg held gjerningi so heilag at eg gjerne lid litt skumling ei tid...det eine viktige er at eg fær skrive. At dette med mi kunstnarløn skal spela særleg inn i gangen av verdskrigen, det held eg heller utruleg. Og tek vetløysa med ro.”

Det kom til sterke meiningsskilnader mellom Lars Reinton og Olav Sletto då det synte seg at Sletto aksepterte kunstnarløna sjølv om det etter kvart kom fram at det var NS-folka i departementet som hadde avgjort saka.

Den 23.juni 1942 skriv Sletto: ”Ja, eg stod litt i tvil fyrste dagen, men søkte opplysning til ein par kantar og neste dag var eg klår, ikkje berre glad for det som hendt var, men eg skreiv mine takkebrev til rette stad. Eg tykkjer det var gledeleg og ærefullt, og det kom i so rett tid at eg måtte sjå det som eit godt varsel. Som dette er kome til verdi, er det og i sers mun ærefult og vil stå som eit serskilt tilfelle i fall seinare revisjon. Dei som esla ut visste vel at eg er utafor all politikk. Her vart teke berre umsyn til mitt litterære arbeid, og for det skal dei ha ros. Noko band legg det ikkje på den som fær, anna enn den lovi som gjeld for trykkpublikasjon i det heile, og gjeld for alle. I tilfelle revisjon, visar eg til deg og dei som søkte, og skulde politikk bli innblanda frå det hald...so lyt det i Guds namn gjera det. Dei har då makt til å ta det tilbake. I millombelet arbeider eg

som ein smed på det nye verket mitt. Og eg vil ha i mi saga...i fall...at dei rått forkasta det eg gjorde.

Då erkebiskop Söderblom søkte, då hadde eg fått, men såra av den djevelske dråpspropaganda som Oslo-litteratane med Øverland og Fangen i brodden sette i gang, bad eg Løvland leggje saki tilsides so lenge. Det dummaste eg kunde gjera, for forfyljingi heldt fram år etter år. Og hovudslaget let dei stå då "Skrinet" vart oppført på N.T. "Er Sletto virkelig ikke slått i hjel enda?" spurde ein av karane på Grand då bladi melde at Gamle Vehald skulde upp. Nei, eg har røynt for mykje til å ta "løni" med uro."

I etterkrift til brevet seier han at "Løni" er ordna som andre statsløner = grunnløn og dyrtids- tillegg, og verkar attende til 1/1-42. Utgjør 2530. Etter det eg høyrer er min gasje større enn dei andre. Utbetaling kvar månad automatisk."

Lars Reinton skreiv til Sletto att 26.januar 1943. Dette har vi ikkje kopi av, men Sletto svarar 7.mars 1943: "Du skriv noko mystifistisk sist i brevet som eg ikkje er mann til å skyne skal vera for noko. Eg har gruna att og fram...og er kome til at det må ha noko å gjera med dette som populært heiter jøssingprat. Eg har nekta meg å høyre på alt slag prat og rykte og slarv, so eg veit ingen ting um alt som går i svang. Let kvar drive som dei vil. (Her på staden lever ei frue som i alle år har vore nedsedd som den leidaste sladrekjering...ho driv trafikken i dubbel mål i fedrelandet sitt namn, er no eit akta medlem av samfundet. Ho fylgjer sitt instinkt og drep ned i dei nærmaste tre herad, og nyt æra som god nordmann. Dit er me komne på so stutt tid som to år!). "Har du svara ja?" spør du i brevet. Har din meget lærdom gjort deg fortulla? Når ikkje eg eingong forstår deg...og eg skulde då vera ein tolleg gløgg kar, trudde eg." Reinton hadde så presisert kva han meinte, og m.a. spurt om Sletto hadde svara ja til å stå som medlem i den oppnemnde nemnda for bygging av Filefjellkyrkja.

I eit nytt brev (udatert) kommenterer Sletto slik: "Takk for brev. Var det berre det småtteriet?

Kunstnarløni: Der har eg ingen illusjonar. Skulde dagen koma at S.H-A.Ø-H.K-S.U-o.s.fr. set seg i stolane og tek fat der dei slapp, då skal det godt gjerast um du og dei andre søkjarane vinn å berge. Eg som ingen forteneast har gjort anten i gamal eller ny politikk, eg har berre bøkene mine. Lat vera at nyeromanen min blir so god som eg voner...og fire bøker om Persoga, det vil ingenting ha å segja. Me kjenner baa den ånden for godt.

Grunntanken: Norigs framtid er heilt avhengig av enden på krigen millom stormaktene. Inntil det må landet ikkje gå i kaos, heller ikkje svelte ihel. Difor fordømer eg dette "aktive" tull som blir sett i gang frå L. Alt dette som forverrar stoda for det trufast arbeidande folk. Men dette har eg visst skrive um før?

Nemnda: Kan dei få reist kyrkja...som det har vore bråka med so lenge...kvifor skal dei ikkje få lov til det? Kvifor skal dei ikkje få gjera det som godt er? Eg vart meld at eg var vald i nemndi. Ikkje spurd. Imillomåt har eg gløymd saki

burt, men eg vil ikkje segja nei. På ingen måte. Eit anna er det at eg må bed dei velja ein mann istadenfor meg, meddi eg ikkje kan reise på noko møte der mange er samla eller fara so langt som upp til Filefjell. Det blir som no med møtet i Norsk Måldyrkingslag ved påsketider, eg lyt melde forfall. Ei levelov: Ein må skilja viktig frå uviktig. Episode frå langvarig historisk hending. Ein må ikkje gå inn i massesuggesjon på nokon kant, men døme fritt etter sitt rolege vet som før...Det som mest tyner i folket no er "sladrekjeringane", det er rot-rote.(Sjølv har eg gått fri, men kva gjer det til saki?)"

Dette brevet fekk Lars Reinton til å ta bladet frå munnen i brev den 27.april 1943:

"Det drygjest før du fær svar på førre brevet ditt. Det kjem seg av at eg har kvitt meg for å svara. Eg tykkjer det er leiddt å måtte seie det eg er nøydd til å seie. Det siste brevet ditt var meg eit stort vonbrot. "Småtri" kallar du det eg skreiv um. Det er stort nok til å kunne bli lagnadstungt. Det er sjølvstakt symptomatisk, og siste brevet ditt avnækjer so heile eleg- skapen, slik at eg rett og slett er forstøkt. Ja det er tydeleg nok at du "ingen forteneest har gjort anten i gamal eller ny politikk", so utanum du er til å døme um situasjonen og di eiga stode i den. Kanskje ein ikkje kan vente vanleg umdøme når det gjeld politikk hjå ein kunstnar, - endå dei aller fleste i denne tid har vist at dei har det -, men vanleg nasjonalt instinkt og sans for kva som sømer seg ein nordmann i ei tid som denne, skulde ein ha lov til å vente av einkvar med litt utsyn. Du er tydeleg nok ikkje klår over kva du er i ferd med å gjeva heile handa. Du snakkar om å skilje viktig / frå uviktig og "episode frå langvarig historisk hending", og vil i same augneblinken knyte din lagnad til desse episodemennene du stiller deg på line med! Du vil ikkje seie nei, på ingen måte. "Kvifor skal dei ikkje få gjera det som godt er?" Herregud. Kann eit menneske i vår tid, etter alt det me har gjennomgått og upplevt, vera så naivt! Reknar du deg for å vera med dei, og du læst so, ser det ut til, er det rett og slett kriminelt, og er du ikkje med dei, er det noko av det feigaste eg har upplevt. På line med den livsfilosofi du forkynner at ein ikkje skal kjempe for det ein har kjær; berre vente, og hyle med dei ulvane som har makta, ja, endå gå saman med dei når dei gjer noko "godt". Har du tenkt over kva dei herrane som no reiser nemnde gudshus elles stør til og er med på? Men det har du kanskje ikkje fylgd med i, du, som ikkje er med i "politikk". Me lyt visst her sjå burt frå det ideelle kravet at ein i desse tider lyt handle etter langsyn, for din opportunistiske handlemåte slær i hel alle dine teoriar um "den langvarige historiske hendinga ein skal ha føre augo".. Me kann og sjå burt frå at du set meg og andre som hadde tillit til ditt umdøme og handla deretter, i ei framtidig leid stode. Me held oss til at du tenkjer på deg sjølv og på formelen S.H., A.Ø., H.K. S.U. Er verkeleg ditt utsyn ikkje større i ei tid som denne?

Det blir ikkje lett å forsvare di stode i framtida, nei. Og det no, du hadde sigra med Per-bøkene! Held du fast ved dei synsmåtene du hevda i siste brevet ditt og fylgjer den lina, so fær du vera klår over at du har valt deg nye vener. Vel ein seg i tider som desse nye felagar, fell dei gamle automatisk burt. So alvorleg er tida. Lars Reinton”

Sletto svarar alt dagen etter, den 28. april 1943:

”Brevet nett kome inn døri og ligg framfor meg som den reine kanondunder. Eg forstår deg..din måte å reagere på i desse ting, som du sakte fylgjer godt med i og elles på serleg måte er blanda inn i. Fødd samfunnsmenneske er du og. Og din nordmannskap er ikkje til å dra i tvil. No trur eg nok at min setning at N. lagnad kviler heilt på utfallet av stormaktskrigen, står svært fast. Og etter det fær me sjå kva som er episode og kva som er varig historisk gang. Min setning at N. må...må sjå å klare krisa med ro og vetug arbeid, den står likso fast.

At mange no går surr og gjer småting til storsak, det kan me vel gå ut frå som gyldig. Den tid eg har levd har desse folk bråka, i tider som no blir det mange fleire av dei sjølv sagt.

Med umsyn til Filefjell-kyrkja vil eg segja som mi meining at når kyrkja står der, vil ingen meir grava etter reine eller ureine grunnar...ikkje meir enn um me spør etter Øysteins grunnar då han gav Domen slik vokster. Eg vil gjerne stytte byggetanken...endå eg har meld frå at eg er hindra i å ta del i noko møte, reise eller arbeid.

Med umsyn k.gasjen kan det bli hardt for deg å berge den, skuld den litteraturretning som kunde koma i vegen: Det blir ein sers kritisk, sosial- og samfunnskritisk bokavl, ja reint politisk dikting. Psykologisk dikting som den eg driv...avdi den og er bondearistokratisk, blir ikkje rekna for noko. Det eg har å kvile på er um eg vann nokre vener med bøkene som kjøpte det eg skreiv.

Nokre år. Til eg atter blir tagt ihel.

Du trur vel ikkje at det er oss som skreiv for folket i nødsåri som blir dei store...nei, dei som tagde, gode ven! Det er lite rosverdig at eg står utafor politikken...no og. Eg veit det. Eg krev å dømme fritt som før krigen. Hatar terror same kva kant han kjem frå. Eg veit dette er svært djervt. Og ukløkt. Let alle ha sitt syn. Forstår at dette er ein idekamp som har æst lenge. Tenkjer meg um mange gonger før eg torer stemple nokon for ”Foræder”.

Slik måte å ta det på er langt burte frå din...og her trur eg ikkje eingong du har lett for å skyne. Elles har eg ans berre for diktingi mi...dette vil du ikkje kunne skyne og helst ligg det nær for deg at du dømmer slikslag sinnelag.

Det kan godt vera mogeleg at du finn at du må bryte gamal venskap, avdi eg ikkje er heilt etter ditt sinnelag. Det gjer meg vondt, men det hindrar meg ikkje anna eg kan minnast med takksamd alt som har vore. Og gled meg i arbeidet ditt med Hols-soga. Um eg har nokon gamle eller nye vener veit eg ikkje, no er naturleg all interesse i politikken der eg er utafor. Konsekvensen av mi stode er

at eg truleg ingen vener kan rekna med i noko læger...skal ein gisse psykologisk. Sjølv sagt er eg klår over det.

--
Skulde då livet laga det so at dette blir siste brevet millom oss...etter som eg ser,men ikkje skynar...so takk og beste helsing til deg og fru Reinton og småen. Olav Sletto."

Siste brevet vart det ikkje. Lars Reinton hadde meir på hjarta 3.juli 1943:

"Det er ei stund sia eg fekk brev frå deg. Sia har eg merka meg eit par andre ting som ikkje tykkjest gledelege. Sant å seie synest eg du steller deg dumt. Eg kjenner ikkje til um det er etter kontrakt med det gamle styret at du let den nye leidinga ved D.n.t. reklamere med at stykket ditt "Domhuset" skal upp der. Det gjer seg i alle fall dårleg å sjå ein forfattar svikte so totalt midt i den kamp som so å seie alle skodespelarar og dei aller fleste forfattarar i dag fører for sin og landsens fridom.(Na.t., D.n.t. og teatret i Tr.h.) no, burtsett frå åreforkalka ærehungrande oldingar som K.H. og eit par andre overlauparar.

Endå meir uskynleg er det at du vil låne ditt gode navn og rykte til slike publikumsfiskande propagandatiltak som det kyrkjebygget. Tykkjer du det er lovande å koma i selskap med outsiderar som A.U. og H.G.? Eg vil alltid forsvara din kunst, men kunst kann ikkje isolerast frå livet elles, aller minst frå fedrelandets liv når det er i fære. Kunstnarar blir endå mindre enn andre tilgjevne no um dei sviktar, so mykje meir plikt dei har, etter sitt kall, til å vera vegvisarar for folket. Me kann til å rekne med månader no, når denne episoden er forbi.

Eg syrgjer fordi du, som eg rekna for ein av mine beste vener, er den einaste av dei som ikkje klarte å halde klåre liner i den forvirring som desse folka har freista å skapa i tenest hjå våre verste motmenn. Har du nokonsinne i soga sett eit land åndeleg og kulturelt fritt, som er gjort økonomisk, politisk og militært heilt avhengig av eit anna? Den må vera naiv som trur at våre gjester nokosinne vil sleppe det taket på oss, so permanent som dei innrettar seg her på alle desse område. Har dei fyrst desse grepa på oss, so kann dei sakte la oss få byggje ei kyrkje på Filefjell, reise nokre ruiner på Domkyrkjeodden på Hamar, danse folkevisedans, og skrive uskuldelege bøker um norsk folkeliv og norsk sjeleliv, til forlystelse for herrane. Under skalke- skjolet "germansk samling" skal me få gå inn som underbruk under storebror, og i framtida vera uppland for "Kraft durch Freude"-ekspedisjonar og sanatorium for storgermanske heltar på rekreasjon, gje plass for stortyske militær-coloniar på vakt mot "fiendar", og vera økonomisk mjølkeku for clearing-stasjonane i Stor-Berlin.

Det er det du går inn for med å setja ditt namn under uppropet for byggjing av eit "uskuldig" kyrkjebyggverk på Filefjell. "Um dei kann gjera noko godt, kvifor skal dei ikkje få lov til det?" Jaha. Helsing Lars Reinton."

7.januar 1944 svarar Olav Sletto:

"Beste takk for brev av 4.1.44, eg har lese det med stor ettertanke ein par gonger alt. Ja, til meg kan du tala fritt ut av temperament og innstilling, eg forstår deg og korleis du har det.

Du vil lett kunne gå med på at det er ei påkjenning, det livet du lever no: I sterkt arbeid med vetskaplege ting for det eine, aktivt i fremste oppmarsjline i det andre, og for det tredje ein noko nervøs natur. Du må vera på vakt. Og serleg skulde svevnen ta til å gleppe, må du straks vera samvetsfull og søkje lækjar. Eg har sjølv røynt so mykje i svevnsprosmålet dei siste ti år, eg kan tala med. Eg vilde rekne det at du sveik meg...og landet...um du ikkje syter for at du kan stå frisk på arbeidsplassen og gje vyrkje og våpen til fedrelandsforsvaret i tidi som kjem. I natti som kjem, den leidaste krise folket vårt endå har vore uppe i. Dei meiner det godt dei fleste...kanskje: Dei trur dei skal jaga djevelen med Belsebub. Midt i krigstida millom stormaktene arrangerar dei terror og vald i fridomens namn so makti skal bruke vald og terror i større og større mål ...og på den måten gje seg godt grunnlag for politisk kamp etter krigen. Dette er sjølve mistaket! Eg har skrive det før i brev til deg. Dette er det store mistak. Og her er du med. Har du ikkje tru på fridomstankane frå tidlegare?...på åndsmaktene i norsk folk? Alle som arbeider for at folket vårt skal ha det mest mogeleg fatigt og åndeleg og kroppsleg stå under sveltegrensa no i trengselsåri, korleis skal dei kunne møte upp etter krigen og lyfte merket? Fleire i folket enn me trur no, vil um ti femtan år svara med ropet: Prat! Prat!

Her har me diktarane som "lir med sitt folk" som du segjer. Dei skriv flittig som før, dei blir einige i at manuskripti skal liggja uprenta...til prov på at det kan ikkje vera åndsliv under dette regime...folket skal få vera i mørke uhugnaden. Dei er ikkje profetar i utlendingskap med sitt folk, dei er politikarar. Dei lir nettopp ikkje med sitt folk!

Og her skulde du ynskja at eg...Olav Sletto som du kjenner...skulde stå og svike mitt folk i naud. Eg skulde ha streika og ikkje late "Under Solhov" koma ut. Har du ingen kjennskap til kva stoff eg er bygd av? Har du ikkje merka det minste til kampen min på einsam skanse i 35 år? Boki kom ut. Ho vart ikkje send til melding undateke til Norsk Tidend, Syn og Segn. Austland. Dale var burte, det visste eg ikkje..N.T. hadde ikkje fått meldingsekspl. um eg det hadde visst i tide. Boki skulde ikkje bli meld, for dei som hadde meld meg er alle burte. Men so stor torv står folket i at dei to opplagi boki vart prenta i...utseld utan ei line kritikar-ros. Hadde det no vore papir å fått til nye opplag, so hadde boki gått i godt sal til våren. Slik hungrar folket.

I dag står du i massepsykosen. Um tjuge år vil du ære din gamle ven...og sjå at han hadde sin sjelefestning botna på trauste gode berget. Han stod saktferdleg midt nede i sitt folk, og gav det vesle han makta. Eg har so harde ord um folkesviket diktarane har gjort i år at eg vil ikkje segja dei eingong.

--

Skodespelet mitt som står på spel-lista rår eg ikkje med, svarar sakføraren i fjor haust. Det er godteke av Hergel og planlagt oppsetjing av han, og den nye sjefen held fram med planane. Men..eg trur ikkje det kjem. Eg har tala med Tvinde og fleire veit at eg vil helst ha det upp i normale tilhøve. Elles eg gjer ingen ting, og ingen har med eit ord nemnt til meg personleg at stykket skal upp, eg ser det i bladi. Er Tov Flatin ny mann i sume ting. Hadde ikkje aning.

Inn døri kjem det brev frå to kjende jøssingar...med takk og stort vellæte over "Under Solhov". Den eine sjefen i Figgen & Co, E. Havrevoll, etter upplevingi av boki vil han no kjøpe seg alt av min litteratur som ikkje er utseld. Den andre bur i Vefsn, skulestyrar Røkke...

avsett og alt det. Han har vorte varm av boki..."det er kjærkome i ei kald tid" segjer han. Han ser at problemet med presten som kjempar med sin kunstnarevne er noko som gjev nytt perspektiv...jamført med presteskildringane i tidlegare norsk litteratur, som tradisjonelt var karikaturteikning av prestandet.

Eg trur ikkje eg fær anna enn takk for det at eg stod på folket si side...viljug til å li med folket...og gav dei frukti av mitt arbeid som sjuk mann.

Søkt avskil som styrar no og gått over på invalidepensjon. Doktoren forbyd meg å gå på kino, teater, møte, selskap...der mange folk samlast har eg å halde meg frå. Nervone er vorte so folketrøytt at eg må halde i ro og einsemd. Alt folkesvammer eg har gått i har slite meg kav ut."

Og så, 23.februar 1945:

"Du spør om politikken min, men ille dessverre. Her er so forgale vorte med postgangen at bladi ofte er 3 – 4 dagar gamle før eg fær dei, og kven kan vera politika på det viset når lensmannen har teke radioen og rykte toler ingen fortelja meg...meddi eg analyserar lygni og propagandaen ut av dei på ståande fot. Men eg har sagt mitt syn i to brev nokre år sida, eg fær nøgje meg med det i den branchen. Rett nok drøymde eg ikkje at fedrelandet skulde bli kasteball i so mange hender...trass det at eg spådde med reine ord at verste tidi Norig har levt, kjem no snart. Likevel trur eg at det er noko i norsk folk som vil klare seg og at me moralsk skal koma oppover att...og det vil skje just i lidingi."

Neste brevet frå Olav Sletto til Lars Reinton er skrive 3.oktober 1945, etter at Den Norske Forfatterforening hadde oppnemnt ein "æresrett" for å sjå på tilhøva under krigen for fleire norske forfattarar.

"Skulde ha moro av å høyre um du har vore i samtale med Alex. Brinckmann, eg viste til deg med umsyn til kunstnarløni. Eg har ingenting høyrt, endå eg bad han sende meg melding i fall æresretten hadde nokon merknad å gjera til stoda eg tok, då eg krigsåri skreiv for folket meda dei fleste bokmenn gløymde folket

og laga ein merkeleg streik mot Quisling. Har ingenting høyrte, og rundskriv frå forfatterforeningen blir sendt meg som før.

--

Eg var truskuldig under krigen, forstår eg, var so stød på at nasi-ånden skulde ikkje kunne bite seg fast i norsk folkesjel. Men kva ser eg! Ja som eg er vonbroten!

Men ein ting har mora meg umåteleg under krigen og no seinare, den engelsk-amerikanske propaganda og agitasjonskunst soleis som me her i landet har teke han i bruk. Folket fær leike! Slik nasjonal folkeleik som binders, kongeblome i knappholet, raude demonstrasjons- toppluvor og no sist fredsmarsjen...det er psykologisk verksamt og noko for alle, den minste tenestgut kan ha kjensla av at han gjer noko fedrelandsk. Ja er det ikkje flott ordna! Eg må ofte læ høgt for meg sjølv. Men eg hadde aldri visst at norsk folk var so lett å få med og at det var leikesida ein må leide det frå. Eg hadde lagt vel mykje vekt på frihet under ansvar...at det skulde vera noko serleg for oss norske, men no ser eg at leike i flokk er det eigentlege...og i arbeidet slåst som bøvelen. Det norske folk er eit svært ungt folk, det har verkeleg gått upp for meg. Difor skal det ikkje undre meg um me no køyrer inn i sentralisasjon og statsmonopol so røyken står, og gløymer...som barn gløymer...kva det eigentleg var me kjempa for i heile fem vonde år."

I siste setningen har Lars Reinton streka under ordet "me" og sett eit spørjeteikn bak!

Nokre dagar seinare, den 7.oktober sende Lars Reinton fylgjande brev til Forfatterforeningens æresrett: "Det kan hende æresretten alt har handsama Olav Sletto og hans stode til nazi under okkupasjonen. I tilfelle hans sak ikkje er avgjort, vil eg gjerne koma med ei faktisk opplysning. Eg vil ikkje dermed ha orsaka Slettos nasjonale stode i krigstida, men eg meiner han bør dømast etter det han har gjort og ikkje etter det han ikkje har gjort. Det er då rettferdig mot mannen at det kjem fram at han fekk kunstnarløn i byrjinga av okkupasjonstida på grunnlag av ei oppmoding til styresmaktene innsend av meg, Olav Dalgard og nokre andre gode nordmenn (ikkje nazistar) hausten 1941, - send inn utan Slettos vitande"

No skriv Olav Sletto til Lars Reinton og forklarar stoda si i krigsåra:

"Må gratulere med verdsens gang innatt i vet og godvilje!

Og ver no snill og sjå etter i dei to fyrste brevi eg skreiv um politikk for nokre år sida. (Eg leit på at du gøymde dei, rekna med det.) Der har eg sagt at Norig kvilde heilt på utgangen av verdskrigen, og taper tysken vil Quisling-herredømet vera ein episode berre. Som du ser har det gått fullkomeleg soleis. Me kunde ha spara oss mykje øydelegging og mykje helvetesskap, og eg syrgde over at so mange miste trui og fann at alle midlar var like gode i kampen vår.

Eg syrgjer enno at me i so stor mun svekka fridomsgrunntanken og godkjende terror den stundi våre ideal stod i fåre. Men det er ikkje det eg vil skriva um i dag.

Eg vil fortelja at eg andar lett no...for eg har havt ein alvorlegare strid enn du og andre har skjøna. I fem år. At Bjørn lever etter den aktivitet han har synt...at Irene vart verande på frifot so avgjort djerv som ho gjekk i arbeidet...at Randi ikkje kom til Grini for sitt strev for dei politiske fangane...og at Eva ikkje vart hekta, ja, fyrst er det eit Guds under, og for det andre ei frukt av min taktikk. Men eg har stridd, det skal Gud veta.

Eg stelte meg heilt åleine, einast Bjørn vigde eg inn i saki. Karin heldt eg utafor, Irene og Randi likeeins, Eva måtte gjera eitt og anna og fekk litt greide. Alle kjenningar heldt eg utafor. (Det har synt seg at det var dei som heldt med som var dei tankelause og fårlege.) Tre gonger var Bjørn so nær å bli skoten at eg har spara han kjennskap til det.

Tilfellet la seg so fordømt rangt til at eg skuld denne skulen kom i eit reir av gestapo og løyn- leg norsk politi og spionasje. Eg og mine var lange tider under kikkert natt og dag. Det gjorde saki tvidubbel innfløkt. Ein viss distriktslækjar på Romerike banna på at han vilde ikkje gje seg før Bjørn var skoten og gammelen avsløra. Og han gjorde det han kunde, for meg kosta det fire – fem forhøyr av tysk og norsk løynpoliti m.a. Irene vart sett under debatt um ho skulde hektast o.s.fr. Oslo-tyskaren Franken gjekk i kompaniskap med distriktslækjaren. Han var gestapo. Motspearane var ikkje å spøkje med!

So kan tidi vera til å fortelja: Eg tok striden upp på psykologisk basis. Eg vann ord for å vera loyal mot nasistane og ord at eg ikkje var tyskfiendleg. Ein mann med andre ord som i viss mun stod til truande. Ein dana avbalansert nordmann. Eg heldt "Fritt folk". Eg helsa på alle kjende same kva politikk dei hadde.

Skydde alt politisk snakk. Då Bjørn sat so fårleg i det dei sju månadene han var på Ulven konsentrasjonslæger, skreiv eg brev kvar fjortande dag...visste vel at han ikkje fekk sjå eit einaste...og nytta "Das Reich", gav han referat av Göbbels talar. Stod her heime fleire forhøyr um hans ferd etter kapitulasjonen...uppatt og uppatt det same av nye folk. Enden vart at dei dømde han ikkje til døden på indisier...han stod tak på sin kant i over tjuge forhøyr med lekamstortur ein par gonger, stod tak...og dei gav han fri. Han kom heim. So bar det laust her, distriktslækjaren og Franken vilde klare det Bergenspolitiet ikkje hadde greitt.

Folk som vyrde Bjørn høgt, tala uvarleg på toget, mange romeriksfolk stelte seg underleg, dei mistenkte meg for løynleg tyskfiendskap...det truga med undersøking av kontoret og heile huset, men utan mitt vetende greip tyskerar inn og fekk hindra det, eg skulde sparast for torten med slik politi-ransaking. Til lukke var det, eg gøymde ein ting som stod i samband med kong

Håkon...gøymde for Bjørn. Altso me klara oss. Ja eg dreiv det so langt at eg truga med prosess mot nokre romeriksfolk, det hindra gestapo for sin eigen del. (Det visste eg at dei kom til å gjera sjølvsagt.)

Eg vart vald inn i Filefjellkomiteen, sa nei av helsegrunnar, men i fall dei ikkje kunne skaffe nokon i mitt stad, bruke mitt namn under oppropet. Av same grunnen gjorde eg ikkje strid um Domhuset med Norsk Teatret, stykket var godteke av Hergel. For no var eg sjølv i faresona, Bjørn øvde inn hjelpepolitiet i Sverige og gjekk so til England dagane føre invasjonen i Frank- rik. Samstundes hadde eg Irene i den norske legasjon i Stockholm. No kunde eg vente Grini...lovi um gissel forstår du. Eg tok parti med borni og var stum. Takka vere ein norsk mann i Oslo-politiet kom Bjørn ut av listone på ein merkeleg måte. Vart soleis gløymd av tyskerane. Men...ein nasistfamilie visste greide på Bjørn, jamvel tidi han drog til England. Frua der hadde meld fanteri um Bjørn to gonger før som eg hadde stade forhøyr for, og no...ja,verdi er rar!...no gjorde familien ingen ting, dei skjøna at det var eg som fekk lide. Denne skræmelege typen Franken vart flytta til nytt stelle, distriktslækjaren hadde fare til fronten. Dag gjekk etter dag. Nokre pengar eg hadde i banken vart dirigera burt med hjelp av banksjefen. Eg hadde undertyet liggjande reide til Grini-reise. Tidshendingane tok tankane. Utanum nokre spørsmål som tok til å koma um Bjørn, gleid allting over. So kom freden. So var denne mara på fem år slutt. Noko anna merke av striden har eg ikkje enn at helse er det gått litt meir ned med enn rett er. Elles glad for alt. Sumt gjorde meg vondt, sume tuktebrev frå deg, sladder at eg var nasist, men...men eg vann det viktuge. Min vesle huslyd har fått gjort vårt for fedrelandet. No vil du skjøne at mykje i brevi til deg har vore skjemt, for mykje av min post har vore opna på vegen, kunde ikkje vera trygg. Du kunde ikkje veta kva eg stod i.

Eg måtte vente at min "Holdning" ville verke til at dei tek frå meg kunstnarløni som eg so vel treng...og som eg har gjort like for, trur eg...men utan offer kunde eg ikkje koma frå striden. Med det lyt det gå som det vil. Hittils har eg levd i all sparsemd, og det legst vel til det vesle eg treng til liv og arbeid heretter og. Me mi helse var det einaste eg kunde yte at eg stytta borni so dei fekk utretta noko.

--

Takk for alle venlege tuktebrev du har sendt meg, og takk fru Reinton...ho har halde seg litt vreid på fråstand, eg har ikkje dømt noko gale um det. Lever eg, skal eg skildre mitt diplomatiske krigarliv i fem år i ein liten roman, skal ho få sjå noko ho ikkje kjenner.

Lev so vel. Du som har arbeidt på indrefronten kan sjå med større sigerkjensle enn eg – men eg går truleg meir merkt utor striden enn dei som hadde helse og ungdomen.

Beste helsing. Din Olav Sletto"

Før jul i 1945 hadde Æresretten sagt sitt. Sletto skriv til Reinton
22.desember 1945:

”Du spør korleis det går. Jau, det vart pådømt soleis at eg kan ikkje gje ut noko på prent før august 1946, dernæst reide ut att det (eg) tok mot i kunstnarløn. No kan ein ikkje segja at dette var noko urimeleg...anna enn reint praktisk for ein mann utanfor borgarleg stilling og utan opplagd midel. Boyer fekk slik dom som eg, men han er som retten vel visste ein rik mann med full helse.

B.....rådde meg til å gje full greide for mi økonomiske stode, og bed retten vega ein gong til um dei held fast på tilbakebetaling. Det gjorde eg i oktober.

B.....skulde som formann i forfattarlaget føre saki mi fram, men eg har enno ingenting høyrte um korleis det har gått. Veit ikkje eingong um han har gjort noko. Han tyktest forresten stå på mi side, og sume i retten hadde vore i tvil just på det punktet, og han hadde vore av dei.

Sjølv trur eg ikkje det blir gjort nokon endring. Dei reknar ikkje mi kunstnarløn lovleg, med di at ikkje det litterære råd innstilte og Stortinget avgjorde...som er rett nok...dei må sjølvstanset løni. Men det er just pengane Osloforfattarane legg seg so på hjarta, serleg dei av rangen litteratar. Her tenkjer eg retten tek varsemd til hjelp, so eg reknar med å måtte skaffe på eikor vis noko over 5000 kr.

Henrik Rytter har nett sendt meg eit venleg brev, litt stort og mektig i tonen, (Rusig kanskje?) og der segjer han at eg må greide det som er meg pålagt, ingen veg utanum. Men då...då ”skal eg med alt eg rår for lova deg at du skal få din veg og din arbeidsfridom att...idet nye Norig som no skal reise seg, må ikkje det trønge, bornerte klisjebundne råde. No trengst det all åndsens mangfelde rikdom. Og framum alt rotkjensle. Og her har du din lut av arbeidet. Dei siste bøkene dine peikar i den rette leida. Og høyr no, kjære ven, ikkje ein augneblink må du tru at dine arbeid blir liggjande. Straks du har ordna deg, skal din gamle ven Henrik Rytter få høve til å stige fram for deg og dine verk.”

Ja ja, um det skriv seg frå ei maktkjensle som eit godt glas gjev, so ligg det hjartelag under, det har både mora meg og gjort meg godt.”

I juni 1946 var Olav Sletto innlagt på Lillestrøm sjukehus for ein operasjon. Frå sjukehuset skreiv han til Lars Reinton på dei små notatblokkarka han alltid brukte når han fekk ein tanke han ville ta vare på:

”Mi line under krigen valde eg med klår umtanke og med kjennskap til dei ålvorlegaste ting. No det er over – lever ikkje få gode nordmenn som elles hadde fått si grav. Her er kome på moten å publisere heltegjeringar, men Randi og Bjørn og eg er samde um det vesle me fekk gjera for fedrelandet skal me korkje ha takk og ære for. Me tegjer. Min upphavlege tanke å gjeva forfattarforeningen vismun har eg forkasta.. Den domen æresretten la på meg for at eg gav ut bøker under krigen, ber eg med glede. Eg gjekk i ålvor min eigen veg i det spørsmålet, at det ikkje var åndsfridom visste eg, og at eg fekk lide – heldt eg for rimeleg og rett. (At det var gått ut ein parole um litteraturstreik, visste eg ikkje, enda eg er

medlem av forfatterforeningen. Og Brinckmann nekta i 1945 at det var gått ut parole um litteraturstreik.

At her blir åndsfridom i landet dei fyrste 10 år held eg for utruleg. Og at eg fær lide i åri frametter, held eg truleg. Den merkelege uvilje litteratane alltid har synt, den vil få karakter av fedrelandssinn. I grunnen har ingenting endra seg. (Les "Mellom Eldar" – Hermod skald er ei skildring av meg sjølv, det er noko i meg som har visst um kva som skulde koma.) Det er røtene i norsk folk eg varveislar. Denne lange romanen vil syne det betre og betre...

Eg står som ein av dei få klåre sjølvstendige nordmenn – som trass massesuggesjon ikkje svikta mitt folk på eit einaste punkt. Eg kan vente til folket sjeleleg klårnar, eg fær min rett.

Og som sagt, det eg ynskjer er berre at eg kan få att evna til å sitja ved skrivebordet, so eg fær syne norsk kultur – og sjelevit so lenge eg kan."

Olav Sletto skreiv eit langt brev til formannen i Den norske forfatterforening, Hans Heiberg, den 21.februar 1948. Der gav han ei grundig utgreiing om korleis situasjonen hans hadde vore under krigen. Olav Sletto ynskta å bli innkalla til æresretten for sjølv å kunne føra si sak der, men han vart aldri innkalla, fekk berre eit brev frå Romerike politikammer 7.mai 1947 der det sto at "De underrettes herved om at landssviksak mot Dem er henlagt etter bevisets stilling".

Sletto ber i brevet om oppreising, at han blir innteken att som medlem i forfatterforeninga, og at ein "fær vekk denne boykott som tykkjest vera sett i verk". Samstundes ber han i brev til Kunstnarrådet av same dato om at han slepp å betala attende stipendiet han hadde i to år under krigen, slik æresretten til Den norske forfatterforening hadde sett som vilkår.

Brevet lydde slik:

"Det gjeld at eg no kan få klare linor i saki mi med forfatterforeningen, men avdi det er vandt for meg å reise so langt som til Oslo, lyt eg nøgje meg med å gje ei utgreiing skriftleg til eit oversyn.

I 1945, ei tid før æresretten gjekk til arbeids, søkte eg dåverande formann, hr.Alex. Brinckmann, og ymse opplysningar um mine tilhøve under krigen gav eg han skriftleg...men og nokre muntleg.

Det skriftlege eg gav han gjeld dette:

- 1) Med umsyn til kunstnarløni eg hadde i to år, kunde eg ingenting opplyse, men viste til Dr. Lars Reinton, Nordstrand som etter det eg hadde høyr, hadde skrive søknadslista som førde til kunstnarløn.
- 2) Med umsyn til at skodespelet mitt "Domhuset" vart oppført på Det Norske Teatret under nasiststyret, der viste eg til teatersjef Hergel, som hadde sett stykket på spellista si før han rømde til Sverige...og hadde kjøpt det 1936.

3) Med umsyn til at eg gav ut bok i 1943 og 1944, melde eg frå at hadde det kome nokon parole um litteraturstreik, so hadde ikkje forfattarforeningi varsla meg um det, ei heller nokon av forfattarane. Eg levde heilt eremittliv på ein bondegard i Sørum, les ikkje blad og såg heller ikkje illegale avisor. Var sjuk, kunde i månadsvis ikkje gå ut av gardsplassen. Difor spurde eg hr.Brinckmann um han ved høve kunde gje meg opplysnad um den sokalla litteraturstreiken. Eg måtte få veta um eg hadde brote nokon London-parole eller ikkje. På det har eg ikkje fått noko svar. Eg veit ikkje enn om det har vore ordna litteraturstreik i landet. Eg nemnde for formannen at eg ynskte at dei to bøkene eg ga ut under krigen vart granska av æresretten, so det kunde bli slege fast at dei er so heilt antinasistiske som tenkjast kan. Eg meinte eg tente fedrelandet med å gje dette dulde ågrep på nasiånden. Um bøkene vart granska, kjenner eg ikkje til. Dette er det eg skriftleg gav formannen i forfatterforeningen. Og truleg ligg papiret i forfatterforeningen.

I muntleg samtale melde eg dette:

Eg ynskte bli innkalla for æresretten, for eg hadde sumt anna eg og måtte ha fram, og eg gav hr.Brinckmann eit stutt resume av det eg vilde ha å melde. Eg kom i det tilhøve at eg stod under gjæting av gestapo frå hausten 1940 til våren 1945, det meste galdt sonen min som var løytnant i marinen.

Gestapofolket som hadde oppsyn med Romerike, heldt sine rådsmøte i fyrste etasje i huset der eg budde, heldt forhøyr over meg 6 gonger, og det galdt livet for sonen min som då sat på Ulven. Han kom ut etter sju månad, tok til Sverige, seinare til England, og eg sat att med gisselplikten. Dertil kom at dotter mi Irene, student, rømde til Sverige og sat i den norske legasjon i Stockholm. Eg stytta henne økonomisk i tiltaket, og sat att med gisselplikten. Og dertil hadde eg ei dotter på Ullevål som arbeidde for dei politiske fangane, der kom ein rømingssperiode...og ikkje berre hennar men mitt liv stod på spel um visse ting skulde koma upp. Under sovorne tilhøve bør ingen no etterpå koma og segja til meg at du skulde sagt nei til kunstnarløni, nekta teatret å spela "Domhuset" o.s.fr. Hadde bonni mine og eg tapt slaget, hadde sume som no lever...og eg tenkjer særleg på sonen min um han hadde mista makti under torturen på Ulven...ja dei hadde ikkje leyd til 1945. Det var større ting som galdt enn kunstnarløn og skodespelframsyning.

Sjølv kom eg under doktertilsyn 1930. Var sjuk. Krigen som eg vart ført like upp i, meddi eg styrde ein av statens institusjonar, forverra tilstoda, fekk eit lettare slagtilfelle natti etter kapitulasjonen i Nord-Norge, dertil tarmbløing og hjartefeil, so eg kunde ikkje gå ut å gjera heltegjerningar. Jaga frå heimen min i juni 1943, skulen eg hadde fått bygt såg ut til å gå i grus under hælane på okkupasjonssoldatane, nasifylkesmannen kravde at eg anten sjølv sa upp stillingi som skulestyrar eller so gjorde fylket det, for dokterpapir synte at eg ikkje kunde ta skulegjerning meir. Det einaste eg fekk gjort var at eg gav bonni råd i deira arbeid og at eg stytta den nasjonale motstand med pengar.

Eg gjekk lenger enn eg hadde råd, gav 2600 kr. Det har aldri vore min tanke at eg vilde ha takk og ære for det vesle eg gjorde då landet var i naud, men som stoda er, må det fram for æresretten.

Dette nemnde eg muntleg til hr.Brinckmann, og sa mitt ynskje at eg vart innkalla. Eg hørde ikkje meir, vart ikkje innkalla til æresretten. Um då Brinckmann førde referat av samtalen for æresretten veit eg ikkje noko um. Men domen kom at eg var ekskludera som medlem av forfatterforeningen, prenteforbod eit år og dertil økonomisk straff. Dette vekte den største forbisna hjå folk som kjende mi stoda under krigen.

Den nye formannen, hr. Hans Heiberg har og havt med saki mi å gjera, for so vidt at det var han som fekk spurnad frå politimeisteren på Romerike um mi åtferd under krigen. Eg skuldar då å gi opplysnaad her, meddi det var eg som hadde vist politimeisteren til formannen i forfatterforeningen.

Det er ingen vakker saga, men heller ikkje noko eineståande tilfelle etter krigen: 1945 kom lensmanenn til meg og melde at heimefronten i bygdi var i tvil um "min holdning". Dei visste nok at eg budde eremitt, men dei visste ikkje at dokteren forbaud meg å vera tilstades der mange folk samlast d.v.s. kino, kyrkje, større selskap o.s.fr. og tykte nok (det) var vel mykje av det gode. Dertil hadde ein medlem av fronten, ein vestlending, tala i den leid at han gjerne vilde ha meg granska og vilde gjerne vera hovudvitne. Denne same mannen hadde stor fedrelandsk interesse av skulestyrarposten som stod ledig etter meg, og so i den interessa fekk han ymse mistankar. Eg hadde teke avskil i 1943, men under slike umstende at det vilde vera ugyldig etter freden...i fall eg vart so helsesterk at eg kravde stillingi att 1945. Han trudde at noko i retning av landssviksak kunde vera høveleg. Dermed sa eg til lensmannen at eg ser det naudsynt at eg fær mi sak granska av politimeisteren med vitne som står plikt av eid. Fann det vera einaste vegen. Dette må ikkje stanse hjå heimefronten!

Etter dette hørde eg ingen ting i 1945. Trudde at saki hadde stansa skuld opplysningar frå forfatterforeningen som eg hadde vist til når det galdt mitt litterære arbeid. Heile 1946 går, eg høyrer ingen ting. Fyrst 7.mai 1947 fær eg nokre ord frå Romerike politikammer som lyder slik: "Herr Olav Sletto, Geilo. De underrettes herved at landssviksak mot Dem er henlagt etter bevisets stilling. Romerike politikammer, Lillestrøm 6.mai 1947. (Sign.) Chr. Smedstad, pfm."

Slik endar saki for min personlege del, men eg kjenner eit aber, meddi eg ikkje fær veta kva "hovudvitnet" og mogeleg andre har klaga eller mistenkt meg for.

For "hovudvitnet" er saka noko lenger. Han nådde å bli konstituert i styrarstillingi på skulen 1945. 1946 skulde tilsetjast fast styrar, han søkte og etter segjande segn samla gode vitnemål um seg i mengd, men Akershus fylkesskulestyre innstilte han ikkje til posten, dei innsette ein annan. So hadde lagnadshjulet gått rundt.

Eg hadde ikkje fått høve til å nemne sumt som kunde kaste lys over mitt gode nordmannsskap. Og folket har havt fritt høve til å snakke og skumle i mest halvtridje år. Og forfatterforeningen må i god tru sjå på at her blir forbod um å melde bøkene mine. (Eg meiner boki eg gav ut 1946.)

Det er ikkje til å undgå at ein sjuk mann blir beisk, når han ser kor lite alvorleg instansene tek dette med ære og rykte hjå ein vanleg borgar.

Eg vonar Den norske forfatterforening ikkje har noko imot å gje meg den oppreising at dei tek meg innatt som medlem og fær vekk denne boykott som tykkjest vera sett i verk. Og eg vil bed hr. formannen vera so venleg at han gjev Kunstnarrådet skrivet som fylgjer med, der eg søker um at kravet um tilbakebetaling av stipendet blir stroke. Eg må bed han og gjera vel og leggje fram denne utgreidingi av saki. Kunstnarrådet vil lettare kunne orientere seg. Geilo 21.2.48. Med vyrnad Olav Sletto.”

Vedlegget til Kunstnarrådet lydde slik:

”Æresretten som Den norske forfatterforening sette ned i 1945, la som vilkår for ordning for min del at eg skulde betale attende eit stipend eg hadde i to år under krigen. No er det ein umogeleg ting at eg økonomisk kan makte å betale attende dette stipendet. Inntektene eg har er ein invalidepensjon. Skal eg i framtid kunne klare økonomien lyt eg få mine bøker umtala og selde, og elles nyte den rett som andre bokmenn. Eg søker difor at Kunstnarrådet vil stryke dette vilkåret um tilbakebetaling av stipendet, so eg kan koma i vanleg høve til forfatterforeningen. Eg sender søknaden um formannen i forfatterforeningen, Hans Heiberg, og bed han leggje fram for Kunstnarrådet eit skriv, der eg gjev ei stutt orientering.”

Lars Reinton var redd for at brevet frå Sletto kunne føra til mistydingar og til å skada ”hans gode namn og rykte”. Han sende difor dette brevet til styret for Den norske Forfatterforening den 7.mai 1948:

”Eg høyrer at Olav Sletto i eit skriv til Forfatterforeninga har sagt at han i si tid fekk diktar- løn av staten etter oppmoding av meg.

Då ei slik fråsegn, slik som ho tykkjest å ha lydt, må føre til mistyding og til å skada mitt gode namn og rykte, bed eg om å få koma med eit par opplysningar. Eg sende forresten i oktober 1945 eit skriv til Forfatterforeningens æresrett om saka, mest for Slettos skuld, så han kunne bli dømd på rettferdig grunnlag.

Det er rett at vi i si tid sende inn ein søknad om diktarløn for Sletto. Det var ikkje berre eg, men fleire andre gode nordmenn, til dels menn som seinare kom til å få leiande stilling i heimefronten, - ein av dei sat lenge på Grini og seinare i Tyskland. Sjølv var eg ein av dei fyrste i den høgre skulen som vart avsett av NS. Eg tillet meg å nemne dette, for å vise at vi skulle ikkje vera menn som kunne mistenkjast for lefpling med NS. Søknaden vart og sendt inn før vi hadde nokonsomhelst kjennskap til at Sletto var veik andsynes NS., og før nazifiseringa på dette området hadde byrja. Det vi sende var ei oppmoding til

departementet om at Sletto måtte få diktarløn serleg for skuld Per-bøkene, som vi meinte sette han millom dei beste. Då det så vart klårt at NS hadde overteke denne utetlinga og gjort det til ei politisk sak, venta vi at Sletto skulle seia frå seg diktarløn, og eg skreiv til han og åtvara han og oppmoda han til å gjera det, - både for si eiga skuld og for vår skuld. Men han gjorde ikkje det. Det er det han må dømast for. Men han har rett i at opptaket til å få diktarløn for han kom ikkje frå han sjølv men frå andre.

Sidan Slettos brev vart opplese på møte i Forfattarforeninga, må eg be om at dette brevet og blir lese opp, - på fyrstkomande møte”

Spørsmålet om medlemsskapen og attendebetalinga løyste seg på beste måte for Sletto.

”Våren 1948 vart medlemskapet i Forfattarforeningen ”erklært” vera i full orden. Stipendpengane skulde eg få ha, kravet um tilbakebetaling vart stroke”, skriv Sletto i brev 12.november 1948.

I 1954, den 5.desember, i samband med at spørsmålet om diktargasje til Sletto vart teke opp på ny, skreiv Lars Reinton ei fråsegn til Forfattarforeningen for om mogeleg å lette saka for Sletto. Fråsegna lyder slik:

”Ekspedisjonssjef Sigvat Heggstad og eg hadde lenge vore samde om at vi tykte det var urett at Olav Sletto ikkje hadde kunstnarløn. Diktinga hans fortente det og han sat tungt i det økonomisk. Ein dag i 1941, før han hadde vist korleis stoda hans var til NS (vi gjekk ut frå at stoda hans var som vår), spurde Heggstad meg om eg kunne få laga ein søknad til beste for Olav Sletto, det ville vera nok om vi fekk mest underskrifter frå Hallingdal, så trudde han at Departementet ville imøtekoma søknaden.

Eg skreiv difor søknaden og sende han til Hallingdal, til bror min, Sigurd S. Reinton, ordførar i Hol, heimbygda til Sletto, så han kunne ordne med underskrifter, la skrivet gå til nokre av dei beste menn der. Både eg og bror min vart seinare avsett frå stillingane våre av NS. Olav Dalgard skreiv også under. Han hamna snart etter i konsentrasjonslæger i Tyskland. Eg nemner dette for å vise at opptaket vart gjort av folk som var absolutt mot NS. Vi rekna med at saka ikkje skulle ha noko med NS å gjera. Sikkert er det i alle høve at Olav Sletto var heilt uskuldig i at dette opptaket vart gjort.”

Den 21.april 1955 vart det i Det litterære Råd, etter framlegg frå Inge Krokann, samrøystes vedteke å oppmoda Kirkedepartementet om å føre opp Olav Sletto som fast statsstipendiat med for eksempel kr.5000,- årleg under posten ”annan stønad”. Oppmodinga førte ikkje fram.

I kommunestyremøtet den 21/12-1957 tok representaten Sverre Åker (V) opp spørsmålet om ikkje Hol kommune burde søkja om diktarløn frå Staten til Olav Sletto.

Protokollen frå sak 260/57 lyder slik: "Forfattar Olav Sletto. Diktarløn – kunstnarløn frå Staten. Sverre Åker bad formannskapet ta opp spørsmålet om kunstnarløn frå staten. Kommunestyret vedtok samrøystes at formannskapet tek seg av dette."

Alt som sak 1/1958 kom spørsmålet opp att i Hol formannskap. Det var no arbeidd ut eit framlegg til søknad, men saka vart utsett og vedtaket lydde: "Saka blir sendt over til Lars Reinton idet ein ber om hans uttale om korleis ein bør leggja denne sak fram."

9.januar 1958 sende kontorsjef O.G.Kirkeluten over ein førespurnad frå Hol formannskap med ynskje om at Lars Reinton kunne gi gode råd om korleis formannskapet skulle gå fram ved ein søknad om kunstnarløn for Olav Sletto.

Lars Reinton tok kontakt med Inge Krokann, som var medlem av Det litterære Råd. Krokann svara i brev av 13/2-58 slik på spørsmålet om kunstnarløn til Sletto:

"Eg er redd vanskane der ikkje er lette å overvinne. Du veit den innstillinga vi fekk igjennom i Det litterære Råd om fast stipend av "annan stønad" var samrøystes og sterk. Når han ikkje fekk det då med det same, svara Dep. meg at den bilethoggaren – var det Husum? – som heldt på og vart blind, laut gå først. Elles trur eg nok det finst ein autoritet som av prinsipp seier nei når det gjeld slike som hadde skugge på seg i krigsåra. Han – vart det sagt – fekk hindre Geirr Tveit, trass innstilling frå Kunstnarrådet. Eg trur det lyt skje sjefskifte sume stader, før O.S. har sjanse om diktargasje. Så har Dep. liggjande ein søknad frå Hans H.H., veit du, som alt av autoritet i landet har gått god for. Og to er innstilt av Det litterære Råd, og berre ein av dei blir det tale om i år. Budsjettet er elles oppsett for i år, så det er ikkje snakk om at Dep. skyt inn O.S. der. Men søknaden bør de sende til K. og Underv.dep., og så sender det den i si tid til Det litterære Råd og derfrå går det til Norges Kunstnerråd."

Spørsmålet vart teke opp att i møte 9. og 10.mai 1958, der Det litterære Råd enno ein gong oppmoda Departementet om å finne rom til Olav Sletto som statsstipendiat. "Då Olav Sletto no er 72 år gamal men enno i arbeid, meiner Rådet at det hastar med eit slikt stipendium."

Rådet peikar særleg på dei 4 Per-bøkene og det store 5-bands-verket om Røgnaldsfolket 1943-1950 og seier at dei åleine fullt ut skulle forvara ei slik påskjøning frå statsmaktene si side, som eit årleg stipend ville vera."Men dessutan held både serien frå nordisk mytologi, til vanleg kalla Loke-bøkene (1915-1919) og mange einskild-bøker kunstnarleg mål."

Vedtaket er underteikna av Arve Moen, Odd-Stein Andersen, Halldis Moren Vesaas, Philip Houm, Inge Krokann, Paul Gjesdahl og Johs A. Dale.

Lars Reinton orienterte Hol kommune om framgangsmåten i brev 20.februar 1958, og sende fire dagar etter eit brev til Olav Sletto og fortel kva Krokann har sagt:

"Han seier at etter hans meining må det "skje sjefsskifte sume stader" før det kan vera von for deg. Han seier ikkje i den samanheng kvar og han nemner ikkje namn. Det er truleg same person han tenkjer på då han seier det er "ein autoritet" som alltid seier nei i visse tilfelle (eller kanskje det er ein annan)."

Inge Krokann utdjupar sitt syn i eit lengre brev til Lars Reinton 23.mars 1958:

"Som eg sa åt deg sist, då vi treftest som snarast: Det er ein urett, sakleg sett, at Olav Sletto ikkje har fått kunstnarløn. Og det er ei skral trøyst at "det er så mange som skulle hatt det." Olav Sletto går då i sitt 72.år no, og har gjevi ut 43 bøker, so no skulle tida vera komen åt honom

--

Men du veit: det var i grunnen ikkje bra skikk på noko som heiter kunstnarløner før etter krigen. Summen var då og for det aller meste den same som Bjørnson og Ibsen fekk i 1860-åra, d.v.s. dei fekk 400 speciedalar og diktarlønene var 1600 kr. til etter krigen. Då vart det både auking i summen og system i tildelinga. Du veit det var ille at Sletto hadde fått og teki imot statslønn (kunstnarlønn) under krigen. Ei ulykke for honom. Men du skal så visst ikkje ha last for at du uvetande vart mellommann der. For ingen av oss ana då i 1941 at Sigvat Heggstad hadde meir å gjera med N.S. enn dei mange andre jøssingar som vart sitjande i Departement under okkupasjonen. Derimot visste vi at just Sigvat Heggstad var ein av dei som lenge hadde tala om og tenkt på diktarløn til Sletto. Ja eg kan ikkje fordøme Sletto heller, for at han tok imot. For han måtte då verkeleg ha grunn til å tru at det var ei sak like kurant som at dei som hadde kunstnarløner tidlegare tok imot sine lønner like eins som før, under okkupasjonen og.

La vera at Sletto var for veik, at han burde sagt frå seg lønna då det synte seg at Heggstad var innfiltrera i N.S. Men her er det verkeleg orsakande moment å nemne---Sletto hadde då heile sitt liv vori eit barn i alt som heitte politikk. Han skulle og ha protestert då nasistane tok med hans namn i den Tomaskyrkje-nemnda, honom uspurt. Men Sletto var passiv som i alt anna utanfrå. Han var utanfor allting – skreiv i staden første bandet av storverket sitt om Røgnaldsfolket, - det var der han levde i dei år.

Eg må seie som sant er, at eg blir irritert og arg og sint, når desse mistaka frå Sletto si side blir nemnt oppatt og oppatt, medan det skal vera heilt gløymt at

Alfred Maurstad og Herman Wildenvey t.d. var medlemmer i Gudbrand Lundes konsultative "kunstnerråd" i fleire månader, endå baa desse på det sterkaste var åtvara føreåt. Det er ikkje likskap for lova , dette.-

Du, Lars, veit og like godt som eg, at Sletto har gjort seg sjølv mang ei bjørneteneste ved måten han ofte ter seg på utetter i lag med andre t.d.---Ein bør då sjå bort frå alle slike småting når det gjeld diktaren Olav Sletto. Eg skulle så inderleg ønskje det vart gjort alvor frå Departementet si side at han fekk fast stipend i alle fall, i samsvar med den samrøystes til- rådinga frå Det litterære Råd for 3 år sidan,- han har hatt så mykje motgang, at han verkeleg treng den varmen på sine gamle dagar som ei slik offentleg påskjøning ville vera."

I eit notat etter Lars Reinton frå ein samtale med Inge Krokann på hotell Astoria den 4.mars 1958, kjem det fram kven denne "autoriteten" som alltid seier nei er. "Han sa m.a. at det er noverande statsråd Birger Bergersen som er hans verste motmann, i det han hevdar det prinsipp sterkt at dei som i minste måte svikta under NS perioden i krigstida, dei skal ikkje ha nokon kunstnerisk påskjøning heller. Han hindrar såleis konsekvent at Geirr Tveit får kunstnarløn, endå Kunstnarrådet no har innstilt han 3 gonger. Tveit får no arbeidsstipend av pengar til andre kuntnarlege formål. Det var det Krokann og eg søkte om for 2-3 år sidan for Sletto, og som Thesen og Ragnv.Skrede støtta i Litt.råd. Vi vart samde om å prøve på den vegen igjen."

Birger Bergersen var statsråd frå 1953 til 1960. Det gjekk ikkje heilt som Krokann spådde, at det måtte eit sjefsskifte til før saka løyste seg. Bergersen var framleis statsråd då det endelege gjenombrotet kom i departementet i 1960. Olav Sletto kommenterte det slik: Eg ser at statsråd Bergersen har lystra ordre!

Planen for våren 1958 frå Lars Reinton si side, var å ta personleg kontakt med ekspedisjonssjef Wilhelmsen, og at Krokann og han sjølv skulle laga ei personleg oppmoding til Departementet, dokumentert med utdrag av meldingar og fråsegner om kvalifikasjonane. Det vart og lagt planar om kven som skulle tala Sletto si sak i Stortinget, der m.a. Trygve Bull, Guri Johannessen, Hjermann og Einar Hovdhaugen burde ta ordet.

Som Inge Krokann hadde spådd, var ikkje Olav Sletto sitt namn med på lista over stats- stipendiatar i 1958/59. (Derimot var no endeleg Geirr Tveit funne verdig til kunstnarløn)

Då Olav Sletto vart orientert om søknaden frå Hol kommune skreiv han slik i brev til Reinton:

”Eg nekta ikkje Hol å søkje kunstnarløn, men sa at saki er ikkje naudsynt førebudd etter mitt skjøn, og ein bør ikkje vente å få søknaden fyllt. Mellom oss er det viktigaste for meg at det blir søkt, og at det blir sagt klårt nei --- og dei som driv med dette nei kjem inn i mine papir. Eg har søkt statens arbeidsstipend for i år (1958). To år på rad har det vorte nekta meg, so eg søker berre pro forma, dei skal atter få lov å nekte. Med dette sluttar eg all stipendsøking, set folk til å røkje ut kven det er som har ført ordet mot meg, og so i papirhaugen med det til seinare dagar.”

”Det har skjedd merkelege ting i kunstnarrådet, segjer du. Det tyder eg slik at einkvan av desse som har stengt meg ute før, har atter sett seg i arbeid og skal skuve meg utanfor. Eg har aldri sett noko inn på å få veta kven det er, det vilde berre vore meg til plage. Det kan godt vera at min lagnad er slik at eg konsekvent skal stå utanfor stor offentleg påskjøning, det vil syne seg no. For so avgjort nær...med stytte av mange av dei fremste menn i landet...har vel eg for min del aldri vore, går det ikkje no, etter det som du og dei andre gjer, då er det klårt at det aldri skal bli.”(16/12-1959)

Utover hausten 1958 hade Reinton og Krokann arbeidd med å formulera ny søknad til departementet. Krokann var tydelegvis ein framifrå taktikar og brukte raudblyanten flittig på dei utkasta Reinton hadde laga. Krokann var kritisk til at det skulle poengterast at Sletto i fleire år var forbigått, det kunne lett oppfattast som ein kritikk mot departementet. Han ville heller ikkje leggja vekt på at det var gjort urett mot Sletto. Det ville ikkje styrka ein ny søknad, meinte han. Krokann laga eit oversyn over produksjonen til Sletto, med kommentarar frå meldingane til alle bøkene. Dette skulle leggjast ved søknaden.

Etter mykje fram og attende, enda det med at søknaden til departementet vart ei støtte- erklæring til søknaden frå Hol formannskap om diktarløn til Olav Sletto. Dette brevet til departementet var underteikna av Lars Reinton og Guri Johannessen, Harald Beyer, Johs A. Dale, Olav Dalgard og Ragnvald Skrede. Inge Krokann og Rolf Thesen var baa medlemer av Det litterære Råd og ville stø saka der. I komiteen og Stortinget ville Guri Johannessen og Einar Hovdhaugen ”stå vakt” saman med andre.

Den endelege søknaden til departementet lydde slik:

”Om kunstnarløn eller arbeidsstipend til Olav Sletto.

Underskrivne vil få lov til så sterkt vi kan å stø søknaden til Kyrkjedepartementet frå Hol formannskap om diktarløn til Olav Sletto; i andre

rekke tillet vi oss å stø på det beste den samrøystes oppmodinga frå Det litterære Råd i Den norske Forfatterforening 1955, teke oppatt i 1958, om eit fast årleg statsstipend til han.

Olav Sletto er på ein måte einsam i norsk kunst. Han lever på meir enn ei vis fjernt frå det litterære sentrum her i landet. Gong etter gong har han av sær sakkunnige folk fått dei sterkaste lovord for sine bøker, som vedlagde fråsegner i utdrag viser (vedlegg 5), men når det gjeld å bli rekna med, blir han stadig sett utanfor. Det kjem vel noko av personlege eigen- skapar hjå han sjølv, men slike ting burde ikkje ha noko å seia når det gjeld vurderinga av hans kunst; noko kjem kanskje av ulike kunstsyn, og noko av at han ikkje heldt seg heilt sterk nok under krigen. Men hans stilling då var ikkje veikare enn for fleire andre som no atter har ei framskoten stilling i norsk kunstverd. Til dels kom han ufriviljug opp i dei vanskane. Ein kan ikkje fri seg frå det inntrykket at av desse grunnar og kanskje andre, har fleire av dei som har til oppgåve å koma med tilråding til påskjøning for kunstnarleg innsats, ikkje lese dei viktigaste bøkene hans, og er difor utan serlege føresetnader for å dømme rettferdig om hans kvalifikasjonar. Olav Sletto er no 72 år gamal, men endå i arbeid. Vi vonar inderleg at Statsmaktene no vil finne ein utveg så han kan få ei slik offentleg påskjøning som det er søkt om og gjort framlegg om.”

Innstillinga frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet låg føre 4.mars 1960. Her vart forfattarane Alf Larsen og Olav Sletto, komponistane Olav Kielland og Pauline Hall, og målarer Per Krohg innstilte til kunstnarløn. Leiaren i forfatterforeninga, Hans Heiberg, kritiserte innstillinga og meinte at Norges Kunstnerråd hadde vorte ”desavouert” ved innstillinga. Byråsjef Ingeborg Lyche tok sterkt til motmæle mot dette, og meinte at det snarare var Kunstnarrådet som desavouerte sine tidlegare innstillingar. Ho minna om at forfattaren Olav Sletto var innstilt av eit samrøystes kunstnarråd i 1958 som einaste forfattarkandidat og i samsvar med tilråding frå Det litterære Råd. Også i 1959 var Sletto av dei som Det litterære Råd innstilte.

Etter at innstillinga låg føre, skreiv Lars Reinton til Inge Krokann og takka.

”Eg trur du som medlem av Det litterære Råd og den som har drive saka gjennom der, har berga Forfatterforeninga og Det litterære for ei flause og ein skamfleck som ville vorte ståande i framtida – om Sletto hadde lote døy utan denne påskjøninga.”

Frå Sletto kom det takkebrev til Lars Reinton 15.januar 1960:

”Jaso, er det slik å få kunstnarløn. Geriljakrig! Men i bladet i dag ser eg at statsråd Bergersen har lystra ordre og kan stå som ein av dei ti rettferdige i hovudstaden. Eg vil verkeleg gratulera dykk som tala mi sak. De er ikkje god

koma ut for! Og so må du gje meg ei liste på alle dei som har lagt arbeid ned, for eg vil sende dei kvar iser ein takk. Det er med vilje eg har halde meg utanfor, eg vilde få kunstnarløni...ikkje sjølv arbeide med.—Eg stelte meg apatisk likesæl, og let dykk drive saki. Ikkje eingong min gamle ven Krokann sende eg helsing og sa eg hadde høyrte han arbeidde for meg. Når alt er klårt i Stortinget, skal eg takke.

At eg som er so lite klok...kan vera so klok! I dag kom det langt brev frå Alf Larsen, skrive 11.januar. Han trur på at departementet held fast på kunstnarløn til meg, men skulde det svikte må eg ta det roleg, og det vil bli sett i gang ein aksjon for ålvor. Han vil samle desse namn: 1.Alf Larsen, Åsmund Brynildsen,2) dei unge litteraturhistorikarane Trygve Greiff, Asbjørn Årnes 3) trur han skal få med Winsnes og Francis Bull. Eg skunda meg til skrivebordet, byrja brev at han må ikkje for guds skuld setja i gang noko slikt! Eg fylgjer ikkje med kunstnarlønsaki personleg,men har fått opplyst at fleire gode menn har funne at dei skal arbeide for meg: Dr.Reinton, Inge Krokann, Rolf Thesen, prof. Johs. A. Dale, magister Dalgard o.a. Skulde ikkje deira arbeid føre fram, ynskjer eg spørsmålet om kunstnarløn blir heilt lagt ned. Lagnaden har tala!

Komen so langt i brevet, kjem V.,G. inn døri, og eg ser at statsråd Bergersen har gjort sin plikt. Departementet set meg til kunstnarløn. Nokon ny floke av dimensjon skulde vel ikkje by seg no. So held eg fram med brevet til Larsen at han og eg bør gratulere kvarandre! Djevelen har tapt! Himlen sig fryder!--- Ein som reknar alt avgjort er ordføraren i Hol. Han sender telegram som lyer slik: Hol kommune helsar og ynskjer tillukke med kunstnarløn!


Det var vel fortent! Ordføraren.

At Håkon Sato ringde upp i ellevill oppgløding, kan du nok tenkje deg. So glad hadde han ikkje vore på år og dag, sa han...for dette var ei ære for Hallingdal! Karin er so nervøs...at ho gret av glede. Og barna i byen gratulerar i telegram. Slik er tilstoda.”

Og til Olav Sletto skreiv Reinton då saka var endeleg i hamn i april 1960: ”Så er saka då heilt i orden. Lykke til! Eg har visst nemnt før for deg, kven som har gjort mest til det gode resultat. Det er ikkje noko nytt såleis. Det er no fyrst og fremst Inge Krokann, men Rolv Thesen og Johs. A Dale hjelpte godt til, Olav Dalgard og. Takkar du dei, så takk ikkje for at dei no har vorte nøydde til å godkjenne deg og di dikting, men for at dei har hjelpt til at du no har fått denne offentlege godkjenninga”

Lars Reinton var tydeleg redd for at den bitre kjensla han visste Sletto sleit med, kunne gi seg uheldige utslag når forfattaren skulle kommentera at kampen om offentlig påskjøning endeleg var over. Sletto sjølv hadde ikkje på nokon måte vore aktiv deltakar i denne kampen.

Alle godord, gratulasjonar og blomhelsingar som strøymde inn til Geilotun vårdagane 1960 både gledde og varma forfattaren som alltid hadde gått sine egne vegar og aldri hadde late seg styre av kritikarane. "Eg hadde aldri trudd dei andre ville syna meg denne æra", skreiv han. Nettopp difor var gleda ekstra stor, både hjå Olav Sletto og alle som kjende han som menneske og diktar.



Olav Sletto, 75 år gammal.

BREV FRÅ OLAV SLETTA TIL KARIN BRYDE 2.JUNI 1911:

HELSING TIL MITT VIV.

Fredagskveld 2 – 6 – 11

Ei rik og helga stund,
Med baal og brand og fargar djerv
for soli rund
med blodskin inn i himlen kverv.
Det stemmer upp til spel
i tronge dal og døkk-blaa skog
ved solgladsbel –
og strengjer græt i havet og.
Men alt vert stilt og blaatt,
naar dagen tung av von og draum
gaar døyvd til nott,
og stiller tankens flog og flaum.
Og dimma yver jord
det dække sløret rullar no.
Men alt som gror
i natti svalar heite blod.

Men som eg sviv her ør,
med stunding mot min fagre ven –
ho nær meg trør
og famnar meg til soli renn.
Eg fangar munnen tidt,
og drikk av hennar reine sjæl
og auga fritt,
og gløymer stund og timeskil.

Men fram me ser i draumesyn,
i livsens sæle-under stort –
skin himlens lyn,
og soli opnar dagsens port.
Heitt dagen gyller vaar-rikt land,
der ung han skir paa vakna hav!
Med straalehand
han flir oss magtfull sigerstav.
Vaar elsk og von fær gull i fang!
Og verdi festar til vaar tru!
Med dronning-gang
og smil av lukka – kverv so du.

Ak nei, eg sit min ven,
vil helsa deg ei vaarkveld-stund –
og brukar penn.
Men vent til vel du er i blund,
daa drøymmer du um meg,
daa kjem eg varsamt som ein katt
og kysser deg!
"Umulig" heilt! Eit rart godnatt!

No vert det nok forgalt,
men det er fødd djupt i min lengt.
Du er meg alt!
Oss tvo den same drykk er skjenkt!

Eg har heile mitt liv lengta etter ei kvinna – etter ei mor.
Men i saknaden livde eg mitt eige liv – fjernt fraa alle dei andre. Dei ana ikkje
mitt væsen – ingen! Dei saag ikkje kva framtida vilde bjoda – andre enn den
gamle taterkjeringi som kom paa stølen vaar daa eg var 8 – 9 aar.
Me stod der 3 gutar av oss, eg den yngste. Ho peika paa meg, og sa til bestemor:
"Det er han der som skal vinna kongsdotteri!" Bestemor lo.
Du skynar knapt korleis det slo ned i meg, daa du i vinter skreiv i eit brev:
"De vil nok komme til at vinde prinsessen og dit kongerige."
For dette trudde eg sjølv! Og eg hadde trutt det heile tidi. Og at du var mi prin-
sessa, som eg skulde bera ut i dag og sol, det tvila eg daa aldri meir paa. Og no
vil prinsessa vera mi! Og all min godleik skal ho hava! Kann ho berre tru fast
nok paa det som skal koma, so vert ho aldri sviken av sin askeladd.

Din Olav Sletto.

ÅRSMELDING 2004
(For tidsrommet 22/6-2003 – 12/6-2004)

Avdi årsmøtet i 2003 måtte avlyst, vart det heller ikkje vald nye styremedlemmer for 2003/2004. Styremedlemene og varamedlemene som fungerte i 2002/2003 har såleis vore dei same i dette arbeidsåret.

Det er halde tre styremøter. Dei fleste styremedlemene har vore med på alle styremøtene. Det er sendt ut tre medlemsbrev dette året.

Styret gjorde vedtak om å tilby medlemene bøker frå bokgåva frå A.E.Tufte AS til ein rimeleg pris. Responsen har vore heller dårleg, og dei fleste titlane finst framleis på lager.

Arbeidet med registrering av Sletto-samlinga i Hol bygdearkiv har så smått teke til. Noko av stoffet høver det å ta med i medlemsbrev, noko høver best ved utgjeving av årshefter/årbøker. Frå bygdearkivet har ein henta stoff til ein større artikkel om kampen for diktarløn til Olav Sletto til Årsheftet 2004. Årsheftet inneheld og interessante artiklar frå eit par av medlemene i selskapet.

Av pengegåver dette arbeidsåret nemner ein overskotet frå Nils Reinton si diktsamling "Sopalauv", kr.1548,67, og ei flott gåve til selskapet frå Hol Sparebank på 5000 kroner!

Sletto-materialet etter Olav Lia er sendt eit par av medlemene til nærare vurdering og ein arbeider vidare med dette med tanke på utgjeving, kanskje i neste årshefte.

55 medlemmer har betalt årskontingenten pr. 8.mai 2004. Det er 13 færre enn pr. 1/12-2003. Aktiv medlemsverving må difor bli ei hovudoppgåve både for styret og dei interesserte medlemene!

Hol, den 8.mai 2004.

Arne Skogheim Turid Birgit Lien Jul Haganæs Kåre Olav Solhjell

Per Lilleslett Kaare Wensaas



vart skipa i diktaren si heimbygd, Hol, den 3.mars 2001. Vedtektene seier at selskapet er eit landsfemnande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemder, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar.

FØREMÅLET med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt forfattarskap.

Dette skal gjerast m.a. ved

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren og produksjonen hans
- å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

Medlemspengane er 100 kroner året.

Bankkonto 2333.22.62998.

Adressa er

Olav Sletto – selskapet, Høgehaugvegen 11, 3576 HOL.